
Fra: Kjosås, Siv Bianca <SivBianca.Kjosas@difi.no>
Sendt: 25. august 2017 10:12
Til: Silje Andvik Hoaas
Kopi: Rømen, Dagfinn; Rygg, Malin
Emne: Treng informasjon om endringar av nettstaden etter 1. juli 2014 - Lindås kommune

Hei igjen,

På bakgrunn av at avtalen med dagens leverandør, Custom Publish er inngått i 2013, treng eg meir informasjon om kva endringar som er gjort av nettstaden etter 1. juli 2014. Har de ein datert og signert versjon av kontrakten?

Det går fram at de gjorde ein gjennomgang av nettstaden i 2015, basert på kriteriesettet til Difi (Kvalitet på nett/Kvalitet i digitale tenester). Vidare gjorde kommunen, i samarbeid med leverandørane dykkar, tiltak for å retta opp ulike feil avdekkja i gjennomgangen. Kan du seie noko om endringar som er gjort etter 1. juli 2014?

Grunnen til at dette er viktig, er at tilsynet berre har høve til å kontrollera nettstadar som vert rekna som nye etter 1. juli 2014. Dersom kontrakten er frå 2013, er det avgjerande kor store endringar av nettstaden som er gjort etter reglane begynte å gjelde. Vidare skriv de at de er midt i ein anbodsprosess/anskaffing av ny felles nettstad, slik at de skal inngå kontrakt med ny leverandør etter 13. september. Ny nettstad skal publiserast i løpet av 2018.

Dersom dagens nettstad er eksisterande IKT, må vi avlyse tilsynet.

Med helsing

Siv Bianca Kjosås
seniorrådgjevar
Tilsyn for universell utforming av IKT
Mobil: 402 11 616



Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)
Postboks 8115 Dep., 0032 Oslo
Tlf. sentralbord: 22 45 10 00
www.difi.no / uu.difi.no